



Henning Christian Olsen

Referanser:

Dykkar:

Vår: 14/4626 - 15/21468

Saksbehandlar:

Tore Johan Erstad

tore.johan.erstad@meland.kommune.no

Dato:

30.11.2015

GBNR 19/13 - Førespurnad om mogleg søknadspliktig tiltak/ending i samband med løyve til oppføring av garasje

Administrasjonen viser til løyve dagsett 7.5.2015 til oppføring av garasje på gbnr 19/13 i Meland kommune. Tiltaket er ikkje ferdigmeldt, jf plan- og bygningslova § 21-10.

Eigedomen er vist som LNF-område i kommuneplanen sin arealdel (KPA). Løyvet til oppføring av garasje vart gitt på bakgrunn av dispensasjon til dette formål frå Utval for drift og utvikling. Korkje dispensasjonen eller løyvet som er gitt omfattar varig opphald (bustadføremål) eller etablering av vatn- og avlaup i garasjen.

Kommunen har blitt førespurd om det er godkjent bruk til bustadfomål i garasjen. Dette på bakgrunn av observasjonar gjort på staden, mellom anna opplysningar om etablering av vatn- og avlaupsløysing til garasjen. Dersom dette er korrekte opplysningar er det ikkje i samsvar med korkje plangrunnlag, dispensasjon eller omsøkt og gitt løyve, jf ovanfor.

Etableringa av vatn- og avlaupsleidningar er søknadspliktig etter plan- og bygningslova § 20-1 bokstav (f) som byggteknisk installasjon. Bustadformål i garasjen krev dispensasjon og søknad/løyve til bruksending, jf pbl § 20-1 bokstav (d).

Kommuneadministrasjonen har førebels ikkje vore på synfaring på staden eller teke stilling til om det faktisk er sett i verk noko ulovleg tiltak på gbnr 19/13, eller teke stilling til om bygget er ulovleg teke i bruk / tilrettelagt for bruk til bustad. Vi ber difor i denne omgang om dykkar tilbakemelding på om det bygget er/vert planlagt bruksendra og om det er gjort søknadspliktige byggearbeid/endingar.

Frist for tilbakemelding blir sett til **15.12.2015**.

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

Det vert orientert om at kommunen vil vurdere å iverksette undersøkingar med sikte på oppfølging av saka etter plan- og bygningslova kap 32 (ulovlige tiltak). Slik handsaming er gebyrbelagt.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Tore Johan Erstad
konsulent byggjesak

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Leif Harald Olsvoll

Håtuftvegen 258 5918

FREKHAUG

Mottakere:

Henning Christian Olsen

Henning Christian Olsen